

# Region vest



FOTO: VICTORIA PARELI

## SMÅGRUPPER – EIN VEG TIL VEKST

I regionen ønskjer me å oppmuntra både forsamlingar, bedehus og enkeltpersonar til å setja fokus på smågrupper. Det er uendeleg mange vitnemål om at livsnære smågrupper gjer noko med folk.

Arve Grøvan Walde har både starta og leia fleire grupper. Han oppfordrar til å ikkje legga lista for høgt. – Det går med to for å starta ei gruppe, men best om de er tre stykk som ønskjer vera med i ei gruppe. De kan ha eit opplegg, eller de kan lesa t.d. 1–2 kapittel i bibelen saman, snakka om dette, kva det betyr for livet akkurat no, og be saman. Om det er vanskeleg å vera personleg, så øv på det saman. Det handlar om å hjelpa kvarandre og be for kvarandre, slik at me kjem nærare kvarandre og nærare Gud, oppfordrar han.

GRO BJØRDAL

LES MEIR PÅ SIDE 44

## NY FORSAMLING PÅ NESTTUN

Logoskirken på Nesttun bedehus hadde fest ved opninga i august. Forsamlinga på bedehuset begynte å eldast. Så kom telefonen frå nokre unge par som spurde om dei kunne få starta noko nytt saman med dei. Dei fekk ja!

LES MEIR PÅ SIDE 43



### MISJONSSAMBANDET VEST

**Adresse:**

Sigurds gate 6,  
5015 Bergen

**Telefon:** 55 90 48 00

**E-post:** vest@nlm.no

**Gavekonto:** 8220. 02. 90131

**Ansvarlig redaktør:**

Per Byrknes

## INNSPILL



**PER BYRKNES**  
regionleder

## Språk som diakoni

Etter at krigen startet i Ukraina, har Norge tatt imot mange tusen flyktninger fra landet. Flere av dem har bosatt seg eller vil komme til å bosette seg i vårt nærrområde.

I Salomos ordspråk 3,27-28 står det: *Nekt ikke de trengende din hjelp, når det står i din makt å gi den. Si ikke til din neste: Gå bort og kom igjen, jeg skal gi deg i morgen – så sant du kan gjøre det nå!*

Det finnes mange historier om offentlige og private aktører, - og enkeltpersoner, som har gjort og gjør en flott innsats for å hjelpe dem som kommer.

For eksempel har Institutt for språk og litteratur ved NTNU bidratt med å lage et ukrainsk-norsk språkkurs til skolestart nå i høst. Andre har oversatt en spill-app til telefonen slik at ukrainere som vil ut i arbeidslivet i Norge har mulighet til å lære seg litt norsk. I Bergen har flere frivillige i Misjonssambandet også engasjert seg.

I Bergen har Misjonssambandet, gjennom Salem Nærmiljøsentere, i flere år hatt fire ulike norskkurs og i høst var det like mange på venteliste på norskkurs 1 som de som kom inn.

Språk er en nøkkel. Det er nesten umulig å finne noen som er uenig i at språk er viktig for god integrering.

Men språkopplæringen skjer ikke bare på kurs. Minst like viktig er kommunikasjon og kontakt på jobben, i nabolaget, gjennom fritidsaktiviteter og deltakelse i samfunns-livet. Derfor har alle et ansvar for å gi innvandrere nøkkelen.

Da de ukrainske flyktningene begynte å komme til byen slo Salem Misjonskirke og Salem Nærmiljøsentere seg sammen om å starte en språkkafe.

En språkkafe er et sted hvor de som ønsker å øve på norsk, treffer

noen som kan norsk. I tillegg er det en fin sosial møteplass der man kan få seg en kopp kaffe, litt mat og treffe andre i samme situasjon som vil lære norsk.

29. august startet språkkafeen i Salem opp igjen etter sommerferien. Bor du i nærheten av Bergen, snakker norsk og kunne tenke deg å bli med på språkkafeen som frivillig, så er det behov for deg. Ta gjerne kontakt.

*«Den kristne omsorgen har alle som trenger hjelp som målgruppe, uavhengig av tro, rase, kjønn eller andre skillelinjer.»*

Tro virksom i kjærlighet, kaller vi det gjerne når kristne engasjerer seg på denne måten. Diakoni er et annet ord som brukes om det samme. I Misjonssambandet vest ønsker vi i tiden fremover å løfte opp og frem viktigheten av diakoni.

Den kristne omsorgen har alle som trenger hjelp som målgruppe, uavhengig av tro, etnisitet, kjønn eller andre skillelinjer. Den inkluderer omsorg for lidende mennesker, for fattige, hjelpetrengende og for ensomme. Den inviterer til gjestfrie og inkluderende fellesskap. Den inkluderer hjelp til å lære ukrainere og andre norsk.

Misjonssambandet sin generalforsamling vedtok i sommer en ny strategi for arbeidet de neste ti årene. «Elsk din neste» ved å vise diakonal omsorg og gjestfrihet er et av hovedmålene for den nye strategien.

### NYTT OM NAVN:

**Terje Hoseth Næss** er ny daglig leder i Sætervika. Terje er 42 år og bor i Tysse sammen med familien sin. Han er vokst opp i Tysse, og mer eller mindre i Sætervika, og ønsker at Sætervika skal være et sted der barna og de unge får møte Jesus. Terje ser fram til å få være med å utvikle en plass som har betydd mye både for han og mange andre.




**Margareth Engås** er 44 år, gift, har fire barn og er nyan-satt barne- og familiearbeider i Misjonssambandet vest. Hun brenner for at barn og familier skal bruke mer tid i Bibelen og få vokse i tro. Margareth har tidligere jobbet på Vestborg vgs, i Region nordvest, i psykisk helseteneste og ledet Tid familie i Nairobi. Hun skal besøke lag, være med på ulike leirer og følge opp familiearbeid. Hun ser frem til å bli kjent med mange rundt omkring i regionen!




**Arve Walde** er fembarnsfar og gift med Cathrine. Han jobber som lærer og har et dypt ønske om at andre skal få kjenne Jesus og leve for han. Han vil jobbe med husgruppearbeidet og fellesskapsarbeidet i Tremorkirken med fokus på disippelgjøring.



**Sara Algrøy** er ungdomsleder i Tremorkirken og har ansvar for et lederteam som er ledere for Tremornight. Hun er en glad og engasjert jente som brenner for at mennesker skal få bli kjent med Jesus og det livet han har for dem. Hun kombinerer jobben med å gå på Substans Bibelskole i Bergen



**Marta Marie Kaspersen** har vært en av ungdomslederne i Tremorkirken det siste året. Hun tok selv imot Jesus i Tremorkirken og ønsker nå å skape et fellesskap slik at andre ungdommer kan oppleve å møte Jesus slik hun gjorde. Hun kombinerer jobben med å være student.



**Mathias Fosse**, er 22 år og studerer teologi på NLA. Som menighetsutvikler i Salem skal han jobbe hovedsakelig med studentene og de unge voksne i menigheten. Han skal følge opp lederne på de forskjellige gudstjenestene og lederne for smågruppearbeidet vårt, lede gudstjenester, preke, trene ledere, jobbe med menighetsplanting og mye annet.





Edgeir Gunvordal, ein av initiativtakarane, og talar, Daniel Sæbjørnsen.

## DEI UNGE SPURTE, DEI ELDRE SA JA

Den godt vaksne flokken på under 50 personar har vorte til ei generasjonsforsamling på over 100. Nesttun indremisjon har vorte til Logoskirken, som er med i Misjonssambandet i tillegg til Indremisjonsforbundet.

TEKST GRO BJØRNDAL

Søndag 21. august var det fest i Nesttun bedehus. Den nyoppretta Logoskirken hadde si første ordinære samling. Som generasjonsforsamling er søndagsskulen viktig. Men denne søndagen var alle aldrar samla til storsamling. Både snorklipping og konfetti høyrer med på ein skikkeleg opningsfest.

**EIT FORBILDE.** Det som har skjedd på Nesttun, bør vera både til glede og til forbilde og inspirasjon for både unge og eldre. Dei unge tok initiativet, og gjekk til bedehuset og fortalte kva dei hadde lyst til. Og bedehuset sa ja, og har omfamna dei unge på alle måtar. I vår hadde dei to «prøvegudstenester», for å visa korleis dei tenkte det nye skulle sjå ut. Småbarna og 80–90-åringane stråla om kapp.

Det begynte med eit ungt par frå Salem som gjekk på M4 Ready og mentoren deira, som me skreiv om i februarnummeret. Dei ville starta noko nytt i bydelen dei budde i, og kontakta Nesttun indremisjon og spurde om dei kunne få starta noko saman med dei.

Det kunne ha enda der, men gjorde ikkje



Bedehusfolket tok imot dei unge med opne armar.

BEGGE FOTO: VICTORIA PARELI

det. For på Nesttun sa dei ja, og kalla inn til medlemsmøte. Etter eit medlemsmøte til, der også dei unge var med, og eit årsmøte som la ned det gamle arbeidet, kunne dei oppretta eit interimstyre med folk frå begge gruppene. Så var det klart for fellesmøte der dei bestemte namn på forsamlinga. Av ulike forslag vart det fleirtal for Logoskirken.

**FAMILIANE STRØYMER PÅ.** Det begynte med to par, men ryktet spreidde seg og fleire melde seg. Snart trong dei to hender for å telja. No-

kre kom frå forsamlingar andre stader, men budde i området, andre hadde gått i forsamlingar før, men av ulike grunnar ikkje no. Ved oppstart har dei passert 15 unge familiar, og talet kan fort auka. I september reiser dei saman til Helgatun på forsamlingshelg.

### MANNAHELG VED FJORDEN 21.–23. oktober

Alle menn er velkommen til en helg ved Samnangerfjorden, nær- mere bestemt i Sætervika.

**Talere og ledere:** Knut Kåre Kirkholm, Per Byrknes, Gunnar Øpstebø, Lars Gaute Jøssang m.fl.

Programmet byr på noe for hele mennesket, for troen, tjenesten og livet. Det blir bibelundervisning, foredrag, gode samtaler og gode måltider.

Skann koden eller sjekk [nlm.no/leir-vest](http://nlm.no/leir-vest) for mer informasjon og påmelding.





Arve Grøvan Walde ivrar for smågrupper, fordi han har sett at dei forandrar liv.

FOTO: GRO BJØRNDAL

# SMÅGRUPPER FORANDRAR LIV

Smågrupper er viktigare enn søndagsmøta. I det mindre fellesskapet kjem me tettare på livet og får sterkare relasjonar.

TEKST GRO BJØRNDAL

Det meiner i alle fall Arve Grøvan Walde. Han er smågruppekoordinator i Tremorkirken på Sotra, og har sjølv starta opp fleire grupper. Han spør folk om dei ønskjer å vera med i ei gruppe. Nokre svarer ja, andre nei. Når han spør meir om kvifor folk ikkje vil vera med, får han ulike svar. Men når han går litt tettare på, svarer fleire at dei har prøvd det før, og synest ikkje dei fekk noko særleg ut av det.

Slik har det ikkje vore i Arve sine grupper. Folk har funne seg til rette, og nye har kome til, så mange at han har gjeve leiinga av gruppa vidare til ein annan, og sjølv gått ut av gruppa for å starta ei ny gruppe.

– Kva er det viktigaste for ei gruppe?

– Å prioritera den, kjem det raskt. – Når ein har minst lyst og det er tyngst å gå, då

treng ein det mest. Det skjer noko når ein vel å gå, ein ønskjer noko, og ein får snudd fokuset. Det er mange døme på at folk har kome inn sliten og umotivert, men går ut igjen glad og takknemleg. Det må vera rom for å berre koma og sitja, utan å seia så mykje.

*«Det handlar om å ta bibelteksten inn i kvardagslivet, la bibelordet få betydning for livet vårt.»*

**BIBEL, LIV, BØNN OG TILBEDING.** Tremorkirken har mange smågrupper. Nokre har eit fast opplegg, andre ikkje. Nokre syng saman, andre lyttar til lovsong. Gruppene er ulike, men dei har nokre felles verdiar dei jobbar etter. Smågruppene er ikkje til for teologiske diskusjonar, men for at det dei les i Bibelen skal verta anvendt inn i kvardagslivet.

Bønn og tilbeding er ein viktig base. I Arve si gruppe skriv dei bønneemna ned på ei liste,

som dei jamleg går gjennom. Slik ser dei tydelegare når dei får bønnesvar, og dei hugsar å be vidare for det dei enno ikkje har fått svar på. Ved å snakka ærleg om livet, og kva som er utfordrande, både i kvardagen og i trua, får dei stadig nye ting å be for, og ein nærare relasjon både med Gud og med kvarandre.

– Korleis få til å dela ærleg liv i gruppa?

– Det handlar om at nokon går føre og vågar vera sårbar og snakka ærleg også om det som er vanskeleg både i livet og i trua. Og det handlar om å ta bibelteksten inn i kvardagslivet, la bibelordet få betydning for livet vårt. Og be konkret for det den enkelte tek fram.

**INKLUDERANDE GRUPPER.** Det er også viktig at gruppene er opne for å invitara inn nye som treng eller ønskjer ei gruppe. Det kan vera nye som kjem innom på samlingar, men det kan like godt vera folk utanfor kyrkja. Det er mange som ønskjer vera med i ei slik gruppe, når dei berre vert invitert. Smågrupper er ofte ein god inngangsport til eit aktivt guds- og kyrkjeliv.



## BØNN HJELPER

Trykket og kontrollen frå styresmaktene har auka. Det gjer noko med utsendingane, og det gjer noko med bønna til dei som er heime.

TEKST GRO BJØRNDAL

Utsendingen vår til Sentral-Asia vil gjerne få takka for forbønn! «Det merkast at folk er trufaste i bønn,» strålar ho. «Me har sett meir bønnesvar i små og store ting.» Så fortel ho at ting har lagt seg til rette på gode måtar. Det som har vore kimer til konflikt, har løyst seg på ein god måte, relasjonar har vorte styrka, og der dei kunne fått store problem, gjekk dei fri.

**BØNN HJELPER!** «Det har vore eit tøft år, men eit fantastisk år,» fortel ho vidare. Nye medarbeidarar slit ofte når dei kjem til ein ny kultur. Men dei som sleit mest, har fått det bra. I arbeidet skulle dei starta ein barnehage i byen, men fekk også sjansen til å starta ein utanfor byen. No når dei 120 barn, ein fantastisk reiskap.

Nokre foreldre til dei som slutta i bar-

nehagen for å begynna på skulen, lurde på kvifor dei vaksne alltid var så glade. Dei godtok ikkje runde svar, og spurde igjen: Kvifor? Slik fekk dei dela om trua si på han som gjev livet mening og glede. Utsendingen er ikkje i tvil, all forbønn har opna opp for oss.

**USE YOUR TALENTS.** Det kan vera vanskeleg for folk å få seg jobb, særleg på landsbygda. Å vera kristen gjer det ikkje lettare. I husgruppene gjekk dei gjennom studieopplegget Use Your Talents (bruk talenta). Fleire fann ting dei var gode på, og med hjelp til å læra det administrative, vart det etter kvart jobbar ut av det.

**STRENGARE, MEN OPE.** Samtidig som området vert meir muslimsk og kontrollen og trykket frå styresmaktene vert sterkare, er folk opne og mottakelege. Mulighetene er der, fortel utsendingen. Ho meiner området beskriv godt bibelordet om at hausten er moden, men arbeidarane er få. Be gjerne om fleire arbeidarar, og at me finn ein god veg vidare, avsluttar ho.



Glade SommerTreff-ledere. FOTO: MARTA S. LEODO

### SOMMERTREFF SYGNA

For andre gang har vi fått arrangere SommerTreff på Sygna, og FOR et arrangement! En motivert ledergruppe startet leiren med lederdøgn kvelden før deltakerne kom. Det ble en strålende uke med varmt vær, mye bading og uteaktiviteter, smågrupper, lovsang, undervisning rundt tema «grensesprengende», gode samtaler og bra stemning. Neste år blir SommerTreff 21.–25. juni og har du ungdommer på 13+, er det bare å sette av datoen. Dette er noe å få med seg.

MARTA SORTLAND LEODO

### FELLESREISE TIL UL

22.–26. juni var det endelig klart for fysisk UL igjen, og denne gangen på Oslofjord Convention Center. Det var så mange som ønsket å være med fellesreisen over fjellet, at vi var nødt til å leie en større buss enn først tenkt. Etter en lang busstur var vi endelig fremme, og kunne nyte en uke med fint vær, gode møter og lovsang. Ungdommene var med på ulike aktiviteter og seminarer, og flere benyttet seg av isbaren på området. Nest siste UL-dag var det flere som reiste på «The Send» i Telenor Arena. Det var en fin uke på UL, og vi ser frem til å kunne samles igjen neste år.

CATHRINE KVAMME LEITE



FOTO: GABRIELE ZDANCIUTE

### VEL OVERSTÅTT LEIRSSOMMER

Denne sommeren fikk vi endelig gjennomføre vanlige leirer igjen, og vi ser tilbake på mange vellykkede arrangement på de tre leirplassene våre. Tema denne sommeren var Bibelen, og vi har sett mye bibelglede. Mange deltakere vil på leir, noe som er veldig kjekt. Nå står høstleirene for tur – vi gleder oss til å treffe både barn og ungdommer igjen!

MARTA SORTLAND LEODO



Sygna ønskjer å gi elevane sine gode utsikter

FOTO: GUNN BERIT BØTHUN

## GODE UTSIKTER

«Det som har endra seg mest dei ti siste åra er utsikten»

Dette uttalte ein tiårsjubilant då ho kom tilbake til elevstemne på Sygna. Uttalen er sjølvsagt ikkje riktig – reint objektivt – men opplevinga hennar var slik. Då ho var elev la ho ikkje merke til utsikten, no vart ho nesten overvelda over kor flott den var.

Frå matsalen på Sygna kan ein sitje og sjå ut over kongen av fjordar, Sognefjorden, omkransa av mektige og snøkleddede fjell. Det vil seie: ei stund no har vindauga i matsalen vore punkterte, så utsikten har vore noko disig, men i vår fekk vi bytt ut alle dei punkterte vindauga, så no kan ein igjen sjå klart og godt.

For dei 155 elevane som starta opp no i haust er det viktig

med gode utsikter. Desse 16-, 17- og 18-åringane har to år med pandemi bak seg, dei opplever krigsutbrot i Europa, dei les krigstypar om miljøkatastrofar og høyrer stadig om ustabile statsleiarar rundt om i verda. Vi som er vaksne er vande til å tenkje at verda går framover, at utviklinga er positiv. Ungdommane våre veks opp i ei tid der framtida ofte kan virke dystert og uoversiktleg.

På Sygna vil vi også dette året arbeide for å gi elevane våre reiskap til å forstå verda og pågangsmot til å forandre henne. Samtidig ønskjer vi å gje dei håp – både for tid og æve. Utsikten frå Sygna skal framleis vere klar og god.

Ver gjerne med og be for ungdommane våre. **FRODE BØTHUN**

## ÅPNINGSHELG VED KONGSHAUG MUSIKKGYMNAS

Fredag 19. august kom VG3 og VG2 inn på tunet med biler fullstappet av klær, planter, skolesaker og ikkje minst musikkutstyr! Etter hvert som elevane kom «tunet» fikk de utdelt sine nye rom. Stemningen var på topp etter en lang sommerferie. Senere på dagen var det åpning i gymsalen for elever og foreldre, der de fikk høre litt om sine nye kontaktlærere, de nye fraværsreglene og litt om turen til London som de lenge har gledet seg til.

**Lørdag.** Lørdagen startet med ankomst og innkvartering av de nye elevane som hele sommeren hadde både gledet og gruet seg. De skulle jo tross alt flytte hjemmefra. Mange hadde vært på besøkshelg i mai og kjente allerede litt til området.

Klokken 13 var det infomøte for elever og foresatte i gymsalen. Her ble de bl.a. kjent med reglementet på skolen, hvilke klasser de skulle gå i og sine kontaktlærere. Senere var det åpningsfest for hele skolen. Der er det tradisjon at VG2 og VG3 står utenfor gymsalen og ønsker elever og foreldre varmt velkommen med stor applaus og hoi. Både de nye elevane og alle



Bli kjent-tur til stupetårnet.

FOTO: ANKER GUNNAR TURØY

ansatte ble presentert, og de ansatte avsluttet festen med en sang. Men kvelden fortsatte med akustisk konsert for VG1, etterfulgt av en kveldskonsert i gymsalen hvor alle som ville kunne bidra med sang og spill.

**Søndag.** Etter en god frokost var det spaseretur til stupetårnet for VG1, men mange fra VG2 var også med. Vel tilbake var det klart for søndagsmiddag, som vanlig med god mat og en god andakt.

Etter middag var det duket for lek. VG1 gikk ned til fotballbanen for å leke og bli bedre kjent, men måtte fort snu på grunn av regn. Da ble det heller quiz i matsalen.

17:30 møtte mange opp i gymsalen for lovsang og noen fine ord fra miljøleder Anker Gunnar Turøy. Resten av kvelden tok elevane det med ro, ble bedre kjent og koste seg masse.

**HILSEN MILJØGUTTA  
KRISTIAN MJELSTAD OG HANS-HENRIK HEIER**



## Sætervika ungdomssenter

# Adventsleir familie

## 25.-27.11.2022



### ADVENTSLEIR FOR HELE FAMILIEN

Advent er en tid med mange forventninger. Start advent med å komme på leir for hele familien, bruke tid sammen og tid med Gud! Det blir x-games juleedition, juleverksted, tro i hjemmet: advent og mye adventskos. Temaet for årets leir er «forventninger» og vi skal høre hva Bibelen sier om dette. Vi gleder oss, håper du kommer! Sætervika 25.-27. november.

**Påmelding:**  
nlm.no/leirvest eller skann QR-koden.



### GAMINGKVELDER PÅ KLEPPE BEDEHUS

I høst arrangeres det to gamingkvelder på Kleppe bedehus (rett over Askøybroen). Det er noe som vi har jobbet med en stund, og som vi gleder oss veldig til å arrangere. Det blir servering/kiosk, en kort andakt, turneringer på storskjerm, gaming fra egne PCer og kjekke ledere som er interesserte i å være med ungdommene.

Peter Ljøkjell fra gaminglinjen på Fjellhaug blir med den første kvelden, **23. september**, for å ha en kort temaprat. Den andre kvelden er **25. november**.

Gamingkveldene er for 7. klasse og oppover, og vi håper ungdommer fra hele bergensområdet vil komme!  
**CATHRINE KVAMME LEITE**

### ARRANGEMENTSKALENDER 2022

Dato	Arrangement	Alder
<b>LYNGMO, lyngmo.info.no</b>		
30.09–02.10	2.–4. klasseleir	2.–4. klasse
07.–10.10	5.–7. klasseleir	5.–7. klasse
21.–23.10	Ungdomsleir	Tenåringar
28.10	Haustbasar	Alle
11.–13.11	Barnas songleir	2.–7. klasse

### SÆTERVIKA, setervika.no

30.09–02.10	Maksleir	2.–4. klasse
21.–23.10	Mannahelg	Menn
28.–30.10	Barnekorweekend	2.–7. klasse
11.–13.11	Tweensleir	5.–7. klasse
25.–27.11	Adventsleir	Familie

### SKILBREI

30.09–02.10	5.–7. klasseleir	5.–7. klasse
21.–23.10	2.–4. klasseleir	2.–4. klasse
18.–20.11	Tabu på Skilbrei	Tenåringar

### ANDRE ARRANGEMENT

24.–25.09	Bibelhelg på Innvik Fjordhotell	Alle
18.–20.11	Ung: Disippel Wallemtunet	Tenåringar

Påmelding og informasjon: [nlm.no/leirvest](http://nlm.no/leirvest)

